



Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Dykkar ref.:
21/61 - 58 / ANT

Vår ref.:
23/280 - 17 / KTJ

Dato:
03.08.2023

Eldrerådet - Tilbakemelding på områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta - andre gongs offentleg ettersyn

Eldrerådet rekk ikkje ei formell handsaming av denne uttalen sidan fristen er før det første møtet i haust, men leiar Gro Johannessen har gitt sekretæren i oppgåve å senda ein uttale. Uttalet er basert på innspel frå leiar og andre medlemmer i rådet.

- Eldrerådet ber om at omsyna til universell utforming vert ivaretakne når området skal byggast ut.
- For opparbeidde uteområde gjeld kravet om at desse skal ha universell utforming, jamfør Byggeteknisk forskrift (TEK17) § 8-2.
- For nye bustader i planområdet ber Eldrerådet om at planen stiller krav om at ein gitt del av desse oppfyller dei krava som er sett til universell tilgjengeleight, jamfør Byggeteknisk forskrift (TEK17) § 12-2. Eldrerådet peikar på at det at ein bustad vert planlagt for å oppfylla desse krava har mange føremoner:
 1. Bustaden vil vera brukande for eigaren også i tilfelle der det skjer endringar i helse som gjer at ein treng å ha viktige funksjonar samla på eitt plan.
 2. Bustaden er ikkje eitt hinder for å få besøk av slektningar/andre med ulike funksjonsnedsettingar.
 3. Bustaden har ein større marknad ved sal eller utleige, ved at den er tilpassa større grupper.
 4. Det er mykje rimelegare å planlegga og bygga universelt frå starten, enn å retta i ettertid.
- Dersom det skal settast opp bygningar som skal kunna brukast av alle, er det også eigne krav til universell utforming, jamfør Byggeteknisk forskrift (TEK17) § 12-1 (2).
- Eldrerådet viser til at universell utforming og tilgjengeleight er prioritert frå statleg hald, illustrert mellom anna av denne uttalen frå Regjeringa (1. januar 2022): «*Universell utforming innebærer at de aller fleste skal kunne bruke det bygde miljø uten spesiell tilrettelegging eller spesialløsninger. Å legge universell utforming til grunn for samfunnsutviklingen gir bedre og mer likestilte omgivelser for personer med nedsatt funksjonsevne. Det gir samfunnskvaliteter som er positive for alle innbyggere og for Norge som samfunn.*»
- Universell utforming og tilgjengeleight er samstundes ikkje berre det einaste punktet som vil gjera bustadfeltet interessant for eldre. Det er også viktig at bustadfeltet får ein miks av ulike bustader, blant anna mindre leilegheiter som kan vera interessante for eldre som ønskjer å flytta frå eit større



hus med hage, og leilegheiter med moglegheiter for fellesareal, for eldre (og andre) som ønskjer å vera sosiale ved å ha måltida på eit felleskjøkken eller kanskje sjå fotball i ei felles stove.

Eldrerådet ønskjer lukke til i det vidare arbeidet.

Med helsing
Ketil Tjore
sekretær for Eldrerådet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM